



DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# Prop. 1 S Tillegg 3

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

FOR BUDSJETTÅRET 2013

## Endring av Prop. 1 S (2012-2013) om statsbudsjettet 2013 (Fullmakt til å ta opp statslån o.a., og saldering av statsbudsjettet 2013)

*Tilråding frå Finansdepartementet 9. november 2012,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### **1 Innleiing**

---

#### **1.1 Generelt**

Finansdepartementet legg med dette fram ein proposisjon med forslag til lånefullmakt for 2013. Proposisjonen er utarbeidd på grunnlag av føresetnadene i statsbudsjettet 2013.

I denne proposisjonen legg Regjeringa samstundes fram ei oversikt over forslag om endra løyvingar som er fremja i tilleggsnummer til Prop.

1 S (2012-2013) og forslag til endring i løyvinga under kap. 2309 Tilfeldige utgifter. Forslaget inneber at det oljekorrigerede underskotet, og dermed forslaget til løyving under kap. 5800 Statens pensjonsfond utland, er uendra frå Prop. 1 S (2012–2013) (Gul bok 2013).

#### **1.2 Lånefullmakter**

I 2013 har staten eit brutto finansieringsbehov på 124,7 mrd. kroner, jf. tabell 1.1.

Tabell 1.1 Statens finansieringsbehov i 2012 og 2013<sup>1</sup>. Mrd. kroner

	2012	2013
Oljekorrigert overskot på statsbudsjettet	-120,2	-123,7
+ Overført frå Statens pensjonsfond utland	120,2	123,7
= Overskot før lånetransaksjonar	0,0	0,0
+ Utlån til statsbankane, aksjeteikning o.l., netto	-57,9	58,2
= Statens netto finansieringsbehov	-57,9	58,2
+ Gjeldsavdrag <sup>2</sup>	0,0	66,5
= Statens brutto finansieringsbehov	-57,9	124,7

<sup>1</sup> Prop. 1 S (2012-2013).

<sup>2</sup> Avdrag på langsiktige statslån.

Kjelde: Finansdepartementet.

Finansdepartementet ber om desse fullmaktene:

- Fullmakt til å ta opp nye langsiktige statslån i 2013 til eit beløp av 100 000 mill. kroner.
- Fullmakt til å ha uteståande kortsiktige marknadslån til eit beløp av 250 000 mill. kroner i 2013.
- Fullmakt i 2013 til å ta imot innskot i form av kontolån frå statsinstitusjonar og statlege fond, og frå institusjonar som ved særlege høve kan bli pålagde å plassere likviditet som kontolån til staten.
- Fullmakt til å inngå rentebyteavtalar og tilsvarende derivatavtalar i 2013.

## 2 Utviklinga i statsgjelda og behovet for lånefullmakter

### 2.1 Rapport

Ved utgangen av september 2012 var statsgjelda 686 mrd. kroner, jf. tabell 2.1. Av dette var 472 mrd. kroner lån i marknaden, og 214 mrd. lån frå ulike statsinstitusjonar og institusjonar som plasserer trygd i samband med rentebyteavtalar.

Statsgjelda auka sterkt etter at ein i 2008 etablerte ordninga der staten sel statskassevekslar i byte mot obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) som blir utstedt av finansinstitusjonar, jf. figur 2.1. På det meste var det utstedt statskassevekslar for 229 mrd. kroner under denne ordninga. Ved utgangen av september 2012 var det nær 139 mrd. kroner uteståande i vekslar knytt til OMF.

Opptak av statslån i marknaden er for tida fordelt på fire statskassevekslar med løpetider på opptil eitt år, og fem eller seks obligasjonslån med løpetider på opptil elleve år. Marknaden får dermed tilgang til referanserenter for løpetider på opptil elleve år, samtidig som lånekostnadene for staten samla sett truleg blir lågare enn om opplåninga vart konsentrert om færre løpetider.

Staten låner mellom anna for å finansiere utlån til statsbankar. Statsbankane sine utlån har i hovudsak kort rentebinding. Mellom anna for å redusere skilnaden i rentebinding på innlåns- og utlånssida nyttar Finansdepartementet rentebyteavtalar.

Finansdepartementet er ansvarleg for forvaltninga av statsgjelda, medan Noregs Bank utfører visse operative oppgåver i forvaltninga.

Tabell 2.1 Samansetjinga av statsgjelda. Mill. kroner


	31.12.10	31.12.11	30.09.12
Langsiktige lån <sup>1</sup>	236 556	210 406	261 406
Kortsiktige marknadspapir <sup>2</sup>	279 117	206 166	210 953
Andre kortsiktige lån <sup>3</sup>	137 574	140 839	213 972
Statsgjeld i alt	652 247	557 412	686 331
Kontantbeholdning	136 851	81 673	158 621

<sup>1</sup> Lån med lengre løpetid enn eitt år.

<sup>2</sup> Lån med løpetid inntil eitt år.

<sup>3</sup> Kontolån frå statsinstitusjonar mv.

Kjelde: Finansdepartementet.



Figur 2.1 Utestående statsgjeld. Mrd. kroner

Tal for 2012 er pr. 3. kvartal

## 2.2 Generelt om statens lånebehov

For 2013 er det budsjettert med eit oljekorrigert underskot på 123,7 mrd. kroner. I tråd med vanleg praksis blir dette underskotet foreslått dekt ved ei overføring frå Statens pensjonsfond utland.

Utlån til statsbankar, netto aksjeteikning og liknande på 58,2 mrd. kroner og avdrag på eit lang-siktig lån på 66,5 mrd. kroner, gir til saman eit finansieringsbehov på 124,7 mrd. kroner i

2013, jf. tabell 1.1. Visse postar i finansieringsbehovet fører ikkje til betalingstransaksjonar, og ein må derfor korrigere for desse når ein bereknar statens lånebehov. Det budsjetterte avdraget på statsgjelda omfattar avdrag på ei eigenbeholdning på 6 mrd. kroner. I berekninga av utlån og liknande har ein også tatt med eit kapitalinnskott på 10 mrd. kroner i Fondet for klima, fornybar energi og energiomlegging, og inntekter på 1,4 mrd. kroner ved avvikling av to andre fond. Korrigerer ein for desse postane har staten eit justert lånebehov på 110,3 mrd. kroner. Det blir lagt opp til at finansieringsbehovet i 2013 i hovudsak blir dekt ved opptak av langsiktige lån. Med utgangspunkt i eit justert lånebehov på om lag 110,3 mrd. kroner ber ein om ei fullmakt til å ta opp nye langsiktige lån i 2013 på 100 mrd. kroner.

## 2.3 Langsiktige lån

Opptak av langsiktige lån i den innanlandske marknaden skjer gjennom sal av statsobligasjonar. For å leggje til rette for ein mest mogleg likvid marknad, der det er lett å kjøpe og selje statspapir, har ein valt å konsentrere opplåninga om nokre få referanselån. Det er for tida seks slike lån i marknaden, jf. tabell 2.2.

Tabell 2.2 Statsobligasjoner. Utestående i referanselån per 31. oktober 2012<sup>1</sup>

Børsnummer	Første gong lagt ut	Forfall	Nominelt pålydande beløp (mill. kroner)	Kupongrente
NST470	30.05.02	15.05.13	66 544	6,50
NST471	02.06.04	15.05.15	61 125	5,00
NST472	19.05.06	19.05.17	47 737	4,25
NST473	22.05.08	22.05.19	40 000	4,50
NST474	25.05.10	25.05.21	36 000	3,75
NST475	24.05.12	24.05.23	16 000	2,00


<sup>1</sup> Inkluderer statens egenbeholdning til bruk i marknadspoleie.  
Kjelde: Finansdepartementet.

Det er annonsert 17 auksjonar av statsobligasjonar i 2012. Per utgangen av oktober er det avvikla 15 auksjonar med eit samla volum på 57 mrd. kroner. Resultat av auksjonane hittil i år er oppsummert i tabell 1 i vedlegget.

For auksjonane som er gjennomførte fram til utgangen av oktober 2012 er den gjennomsnittlege renta 1,91 pst. I gjennomsnitt har kursen i auksjonane vore om lag lik kjøpskursen i andrehandsmarknaden. Gjennomsnittet for auksjonsrenta har vore 114 rentepunkt lågare enn midtrenta i rentebytemarknaden. I 2011 var renta i gjennomsnitt 97 rentepunkt under midtrenta. Auka skilnad mellom statsrenter og renter i bankmarknadene, uttrykt ved rentene i rentebytemarknaden, kan i stor grad forklarast med auka interesse for plasseringar i statsobligasjonar i enkelte land, til dømes Noreg, som blir sett på som trygge.

Utanlandske investorar eig meir enn halvparten av dei norske statsobligasjonane, jf. figur 2.2. Etter å ha vore jamt stigande frå eit nivå på rundt 40 pst. for ti år sidan, til rundt 70 pst. ved utgangen av 2011, har delen av obligasjonar på utanlandske hender falle til om lag 65 pst. ved utgangen av tredje kvartal 2012. Andre store eigargrupper er livsforsikringsselskap, bankar og private pensjonskassar.

Opptak av nye langsiktige lån i 2013 er tenkt gjennomført på same måten som tidlegare år ved at ein sel obligasjonar gjennom auksjonar i referanselåna. Ein ber om fullmakt til å ta opp nye lån innanfor eit ramme på 100 mrd. kroner.



Figur 2.2 Eigargar av norske statsobligasjonar. Prosent.

Kjelde: Verdipapirsentralen

## 2.4 Kortsiktige marknadslån – statskassevekslar

Staten må ha ein viss likviditetsreserve slik at ein alltid kan dekkje daglege betalningar. Den kortsiktige opplåninga i marknaden er derfor tilpassa slik at staten til ei kvar tid skal ha tilstrekkeleg med midlar til å møte betalingskyldnadene sine. Det har dei siste åra vore store svingingar i statens inn- og utbetalningar, og ein siktar mot å halde kontantbeholdninga på minimum 50 mrd. kroner.

Opptak av kortsiktige lån skjer gjennom sal av statskassevekslar i marknaden. Dette er papir utan kupongrente, der avkastninga er gitt av skilnaden mellom emisjonskursen (kjøpskursen) og innfriingskursen. Med dagens opplegg blir det opna nye veksellån med 12 månaders løpetid fire

gonger i året. Forfall er knytt til oppgjersdato for standardkontraktar i dei internasjonale marknadene, såkalla IMM-datoar. Det er annonsert 16 auksjonar i statskassevekslar i 2012. Fram til utgangen av oktober er 14 avvikla. Den gjennomsnittlege renta i auksjonane hittil i 2012 er 1,63 pst. Jamfører ein resultatet av auksjonane i kortsiktige statspapir med tilsvarande rente i pengemarknaden, ventar ein at renta på statspapir skal liggje under renta i pengemarknaden. Renta staten har oppnådd i auksjonane hittil i år har i gjennomsnitt lege 109 rentepunkt under midtrenta i pengemarknaden på auksjonstidspunktet. I 2011 var renta i gjennomsnitt 116 rentepunkt under midtrenta. Resultat av auksjonane hittil i år er oppsummert i tabell 1.2 i tabellvedlegget.

Fullmakta til å ta opp kortsiktige marknadslån er utforma som ei ramme for maksimalt utestående beløp. Finansdepartementet ber om ei fullmakt til å ha utestående kortsiktige marknadslån i 2013 på linje med gjeldande fullmakt, det vil seie 250 mrd. kroner.

## 2.5 Andre kortsiktige lån

Fullmakta for andre kortsiktige lån omfattar alminnelege kontolån frå statsinstitusjonar og statlege fond, og eventuelle kontolån frå institusjonar som ved særskilte høve kan bli pålagde å plassere overskotslikviditet som kontolån til staten. Den største plasseraren er operatørbanken som forvaltar likviditet i samband med visse skatte- og avgiftsbetalingar. Operatørbanken skal plassere den likviditeten banken får ved slike betalingar som uforrenta kontolån til staten. Fullmakta omfattar også eventuelle plasseringar gjevne som trygd frå motpartar i rentebyteavtalar. Låna under denne fullmakta er skyldnader av ein slik karakter at ein ikkje bør fastsetje ei særskild beløpsgrense. På denne måten unngår ein at staten må avvise innskot under tilvising til at fullmakta ikkje er stor nok.

Ved utgangen av september 2012 var dei totale plasseringane under fullmakta for andre kortsiktige lån 214 mrd. kroner. Ein har då ikkje rekna med kontolån frå ordinære fond (kontogruppe 81 i statsrekneskapen)<sup>1</sup>. Kontolånplasseringar varierer mykje gjennom året.


<sup>1</sup> Kontolån av denne typen er ikkje å rekne som lån i vanleg forstand, mellom anna fordi kreditor, som er eit fond under eit departement, ikkje på noko tidspunkt kan disponere hovudstolen.

Ein ber om at Finansdepartementet for 2013 får fullmakt til å ta imot plasseringar som kontolån utan at det blir sett ei særskild beløpsgrense.

## 2.6 Rentebyteavtalar og tilsvarande derivatavtalar

Finansdepartementet nyttar rentebyteavtalar i gjeldsforvaltninga for å redusere rentebindinga på gjelda i høve til det som følgjer direkte av dagens strategi, der staten spreier opplåninga, jf. omtalen under pkt. 2.1 ovanfor. Bruk av rentebyteavtalar gjev staten fleksibilitet til å endre gjennomsnittleg rentebinding på gjeldsporteføljen utan at opplåningsstrategien blir endra.

Ved utgangen av 3. kvartal var det samla utestående avtalar for om lag 135 mrd. kroner med 13 ulike motpartar. Figur 2.3 viser utviklinga i renteksponeringa for statsgjelda<sup>2</sup>. På Finansdepartementets internettside finn ein ei oversikt over statens rentebyteavtalar.



Figur 2.3 Durasjon på statens gjeld ved inngangen til kvart kvartal

Kjelde: Noregs Bank

## 2.7 Forslag til fullmakter

Tabell 2.3 gjev ei samla oversikt over gjeldande lånefullmakter for 2012, saman med forslag til nye fullmakter for 2013. I tillegg ber departementet om at fullmakta til å inngå rentebyteavtalar og tilsvarande derivatavtalar blir vidareført.

<sup>2</sup> Statskassevekslar knytt til ordninga med obligasjonar med fortrinsrett er ikkje medrekna.

Tabell 2.3 Fullmakt til opptak av statslån i 2013. Mill. kroner

	Fullmakt for 2012	Utnytta pr. 30.09.12	Forslag til ny fullmakt for 2013
Nye langsiktige lån	70 000	51 000	100 000
Kortsiktige marknadslån	250 000	210 953	250 000
Andre kortsiktige lån	Uavgrensa	213 972	Uavgrensa

### 3 Endringer i budsjettforslaget for 2013

#### 3.1 Forslag til endra løyvingar

##### Kap. 2309 Tilfeldige utgifter

###### *Post 01 Driftsutgifter*

Regjeringa fremjar i alt tre tillegg til Prop. 1 S (2012-2013). Samla sett inneber forslaga i desse proposisjonane at det oljekorrigerte underskotet på statsbudsjettet for 2013 vert redusert med i alt 221 mill. kroner, sett bort frå forslaget om endra løyving under kap. 2309 Tilfeldige utgifter i denne proposisjonen.

Sett bort frå forslag i denne proposisjonen, vert det foreslått auka utgifter under Arbeidsdepartementet med 30,8 mill. kroner og auka utgifter under Fornyings- og administrasjonsdepartementet med 18,2 mill. kroner, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2012-2013). I Prop. 1 S Tillegg 1 (2012-2013) vert det også foreslått reduserte utgifter under Justis- og beredskapsdepartementet med 3 mill. kroner, mot tilsvarende auka utgifter under Helse- og omsorgsdepartementet. Vidare vert det i Prop. 1 S Tillegg 2 (2012-2013) foreslått auka inntekter med 450 mill. kroner og auka utgifter med 180 mill. kroner under Fiskeri- og kystdepartementet.

I Gul bok 2013 vart det lagt fram forslag om å løyve 14 600 mill. kroner under kap. 2309 Tilfeldige utgifter. Regjeringa foreslår no at løyvinga under kap. 2309 Tilfeldige utgifter vert auka slik at budsjettet vert gjort opp med det same oljekorrigerte budsjettunderskotet som i Gul bok 2013.

Løyvinga vert difor foreslått auka med 221 mill. kroner. Samla løyving under kap. 2309 Tilfeldige utgifter vert etter dette 14 821 mill. kroner. Overføringa frå Statens pensjonsfond utland som skal dekke det oljekorrigerte budsjettunderskotet under kap. 5800, blir då som i Gul bok 2013.

#### 3.2 Oppretting av feil

Det vises til brev frå finansministeren til Stortingets presidentskap av 5. november 2012 om enkelte feil i forslag til vedtak i Prop. 1 S (2012-2013) (Gul bok 2013).

I forslag til romertallsvedtak i Prop. 1 S (2012-2013) under Samferdselsdepartementet er forslag til vedtak XVIII og XIX (side 202-203) feilnummerert. Desse skulle ha vore nummerert som nummer XVII og nummer XVIII. Det er også ein feil i forslaget til romertallsvedtaket som i Gul bok 2013 er forslag til romertallsvedtak XIX under Samferdselsdepartementet. Beløpet i punkt 1 skulle der ha vore 1 450 mill. kroner, og ikkje 450 mill. kroner. På denne bakgrunn foreslår Regjeringa at romertallsvedtak XVIII og XIX i Prop. 1 S (2012-2013) under Samferdselsdepartementet erstattast, jf. forslag til romertallsvedtak.

I forslag til romertallsvedtak i Prop. 1 S (2012-2013) under Forsvarsdepartementet er det ein feil i forslag til vedtak VII (side 211, første spalte). Feilen gjelder redaksjonelt oppsett. Regjeringa foreslår difor at romertallsvedtak VII i Prop. 1 S (2012-2013) under Forsvarsdepartementet endrast, jf. forslag til romertallsvedtak.

Finansdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av Prop. 1 S (2012-2013) om statsbudsjettet 2013 (Fullmakt til å ta opp statslån o.a., og saldering av statsbudsjettet 2013).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring av Prop. 1 S (2012-2013) om statsbudsjettet 2013 (Fullmakt til å ta opp statslån o.a., og saldering av statsbudsjettet 2013) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endring av Prop. 1 S (2012–2013) om statsbudsjettet 2013 (Fullmakt til å ta opp statslån o.a., og saldering av statsbudsjettet 2013)

#### I

I statsbudsjettet for 2013 blir det løyvd under følgjande kapittel:

#### Utgifter:

Kap	Post	Formål	Kroner
2309		Tilfeldige utgifter:	
	1	Driftsutgifter .....	14 821 000 000
		mot tidlegare foreslått kr 14 600 000 000	

#### II

Finansdepartementet får fullmakt til å ta opp nye langsiktige statslån i 2013 til eit beløp av 100 000 mill. kroner.

1. Forslag til romertallsvedtak XVIII erstattast av følgjande forslag til nytt romertallsvedtak XVII:

«Overføringer til og fra reguleringsfondet

Stortinget samtykker i at Samferdselsdepartementet i 2013 kan overføre inntil 10 mill. kroner til eller fra Post- og teletilsynets reguleringsfond.»

#### III

Finansdepartementet får fullmakt til å ha utestående kortsiktige marknadslån til eit beløp av 250 000 mill. kroner i 2013.

2. Forslag til romertallsvedtak XIX erstattast av følgjande forslag til nytt romertallsvedtak XVIII:

«Oslopakke 3

Stortinget samtykker i at:

1. Fjellinjen AS i 2013 får fullmakt til å ta opp lån på inntil 1 450 mill. kr i tråd med vilkårene i omtalen under programkategori 21.30 Vegformål i Prop. 1 S (2012–2013).
2. Fjellinjen AS får tillatelse til å kreve inn bompenger til delvis finansiering av Oslopakke 3. Vilkårene framgår av denne proposisjonen.
3. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå revidert avtale med Fjellinjen AS og fastsette nærmere regler for innkrevingen.»

#### IV

Finansdepartementet får fullmakt i 2013 til å ta imot innskot i form av kontolån frå statsinstitusjonar og statlege fond, og frå institusjonar som ved særlege høve kan bli pålagde å plassere likviditet som kontolån til staten.

#### V

Finansdepartementet får fullmakt til å inngå rentebyteavtalar og tilsvarande derivatavtalar i 2013.

#### VI

I forslag til romertallsvedtak i Prop. 1 S (2012-2013) under Samferdselsdepartementet gjerast følgjande endringar:

## VII

I forslag til romertallsvedtak i Prop. 1 S (2012-2013) under Forsvarsdepartementet endrast forslag til romertallsvedtak VII til:

## «Investeringsfullmakter

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2013 kan:

1. starte opp nye investeringsprosjekter, herunder større bygg- og eiendomsprosjekter, som er presentert som nye prosjekter i Prop. 1 S (2012–2013), innenfor de kostnadsrammer som der er omtalt.
  2. endre tidligere godkjente prosjekter som anført i Prop. 1 S (2012–2013), herunder endrede kostnadsrammer.
  3. starte opp og gjennomføre materiellinvesteringer og byggeprosjekter av lavere kategori.
  4. nytte bevilgningen på den enkelte investeringspost, hhv. post 44, 45, 47 og 48 fritt mellom formål, bygg- og eiendoms kategorier, anskaffelser og prosjekter som presentert i Prop. 1 S (2012–2013).
  5. gjennomføre konsept- og definisjonsfasen av planlagte materiellanskaffelser.
  6. igangsette planlegging og prosjektering av bygge-, anleggs- og innredningsprosjekter innenfor rammen av bevilgningen på de respektive poster.
  7. inkludere gjennomføringskostnader i investeringsprosjektene for eiendom, bygg og anlegg på post 46 og post 47.»
-

**Vedlegg 1****Tabellvedlegg**

Tabell 1.1 Auksjon av obligasjonslån

Oppgjersdato	Børsnummer	Kupongrente	Volum, mill. kr	Effektiv rente	Margin <sup>1</sup>	Teiknings- rate <sup>2</sup>
12.01.12	NST470	6,50 %	6 000	1,39	114	2,85
26.01.12	NST472	4,25 %	6 000	1,90	114	2,30
02.02.12	NST471	4,00 %	4 000	1,59	114	3,46
09.02.12	NST473	4,50 %	3 000	2,10	123	3,93
23.02.12	NST473	4,50 %	3 000	2,23	123	2,33
08.03.12	NST472	4,25 %	3 000	1,94	124	3,20
29.03.12	NST474	3,75 %	3 000	2,49	109	2,77
24.05.12	NST475	2,00 %	10 000 <sup>3</sup>	2,26	115	1,84
14.06.12	NST475	2,00 %	3 000	2,16	121	2,00
28.06.12	NST472	4,25 %	2 000	1,64	126	3,19
16.08.12	NST473	4,50 %	3 000	1,67	123	2,31
06.09.12	NST475	2,00 %	3 000	2,08	108	1,41
27.09.12	NST473	4,50 %	2 000	1,83	100	1,98
11.10.12	NST 471	4,00 %	3 000	1,43	76	3,96
25.10.12	NST 474	3,75 %	3 000	1,97	112	2,03

<sup>1</sup> Differansen (i rentepunkt) mellom midtrenta i rentebytemarknaden på auksjonstidspunktet og auksjonsrenten.

<sup>2</sup> Bodvolum i høve til auksjonsvolum.

<sup>3</sup> Av dette er 4 mrd. direkte til staten si egenbeholdning

Kjelde: Finansdepartementet og Noregs Bank.

Tabell 1.2 Auksjon av statskasseveksler

Oppgjersdato	Børsnummer	Forfallsdato	Volum, mill. kr	Effektiv Rente	Margin <sup>1</sup>	Teiknings- rate <sup>2</sup>
09.01.12	NST17	19.12.12	5 000	1,49	183	2,12
18.01.12	NST17	19.12.12	5 000	1,51	155	3,12
15.02.12	NST16	19.09.13	3 000	1,80	117	2,66
21.03.12	NST18	20.03.13	11 000 <sup>3</sup>	1,59	128	3,10
18.04.12	NST18	20.03.13	3 000	1,63	126	3,12
16.05.12	NST18	20.03.13	3 000	1,66	118	2,15
31.05.12	NST17	19.09.13	3 000	1,68	93	3,35
20.06.12	NST19	19.06.13	11 000 <sup>3</sup>	1,57	126	3,14
04.07.12	NST19	09.06.13	3 000	1,61	120	2,17
08.08.12	NST19	19.06.13	3 000	1,57	101	1,67
22.08.12	NST19	19.06.13	3 000	1,62	83	2,04
19.09.12	NST20	18.09.13	11 000 <sup>3</sup>	1,67	66	2,07
03.10.12	NST 20	18.09.13	3 000	1,72	58	2,33
17.10.12	NST 20	18.09.13	3 000	1,74	49	2,50

<sup>1</sup> Differansen (i rentepunkt) mellom midtrenta i interbankmarknaden på auksjonstidspunktet, interpolert og omrekna til effektive renter på faktisk/365-basis og auksjonsrenta.

<sup>2</sup> Bodvolum i høve til auksjonsvolum.

<sup>3</sup> Av dette er 6 mrd. direkte til staten si eigenbeholdning.

Kjelde: Finansdepartementet og Noregs Bank.



Tykk: AS O. Fredr. Arnesen. November 2012

241491